

Møtebok FR 02. april 2025

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Onsdag 02. april 2025 kl. 17:00
Opningsord:
Stad: Kyrjekontoret i Sæ 21.

TIL STADES: Dag Sele (Stord), Heine Kaldefoss (Nysæter),
Tormod Stautland (Nysæter), Leif Steinar Alvsvåg (1. vara Stord), Tom Knudsen (kommunal representant) og Jørgen Knudsen (geisteleg repr)

FRÅVER: Knut Gram (Stord) og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar).

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2025/07	012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.
----------------	--

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2025/08	012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 05.febr. 2024.
----------------	---

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2025/09	133 Resultat driftsrekneskap 2024 før revisjon.
----------------	--

Førebels driftsresultat for 2024 vert teke til vitande.

Fellesrådet ynskjer, ved eit seinare høve informasjon om korleis, og på kva vilkår fondsmidlane er plassert.

Samrøysta vedteke.

2025/10	113 Investeringsbudsjett 2025-2028
----------------	---

Stord kyrkjelege fellesråd vedtek framlegget til investeringsbudsjett 2025-2028.

Fellesrådet ynskjer i tillegg, ved eit seinare høve utfyllande informasjon om rutine rundt løyvingar til investering.

Fellesrådet ynskjer ei sak om rehabilitering av Stord kyrkje, mtp kva fellesrådet kan gjera for å sikra framdrift i saka.

Samrøysta vedteke.

2025/11	113 Økonomirapport pr. 31.03.2025
----------------	--

Økonomirapporten pr. 31.03.2025 vert teke til vitande.

Samrøysta vedteke.

2025/12

052 Overgang til Kirkepartner som IKT-leverandør

Stord kyrkjelege fellesråd godkjenner tilbodet frå Kirkepartner og ber Kyrkjeverja inngå avtale med dei.

Kostnadane første året blir belasta investeringsbudsjettet.

Fellesrådet er oppteke av at historiske dokument er tilgjengeleg i det nye.

Samrøysta vedteke.

2025/13

020 Møteplan for Stord kyrkjelege fellesråd 2. semester 2025

Stord kyrkjeleg fellesråd vedtek følgjande møteplan for 2. halvår 2025

AU: Torsdag 28. august kl. 16:00

FR: Torsdag 11. september kl. 17.00

AU: Torsdag 23. oktober kl. 16:00

FR: Torsdag 06. november kl. 17.00

AU: Torsdag 4. desember kl. 16:00

FR: Torsdag 18. desember kl. 17.00

Samrøysta vedteke.


Referat, meldingar, orienteringar:

- Referat frå AU 20.03.2025. **U.off.**
- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Leif Steinar & Dag
 - Prosten informerte om ungdomsåret i prostiet.
 - Info- og oppsummering av Cuba-prosjektet.
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Heine & Tormod
 - Kantor Bjarte deltok og informerte.
 - Det er sett ned ei gruppe for «Kirka Vår».
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Dugnadar.
 - Mogleg ombygging av scenen er under vurdering.
- Nytt frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Dag
 - Det vert jobba med konkrete alternativ med tanke på aktuell plassering.
- Nytt frå staben:
 - Stillingar og status.
 - Sjukemeldingar.
 - Ein søkjar på stillinga som kyrkjelydspedagog (60 vikar+ 40 % fast)
- Nytt frå gravplassane.

Stord 02.05.2025

For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar


Liv Kari Bru
Kyrkjeverje/dagleg leiar

**Neste møte i fellesrådet er
12.juni 2025 kl. 17:00**